

Kven kørde ned lyktestolpe i Korsnes?

11.07.2016



Denne lyktestolpen i Syne vart nedkøyr. Også koplingsboksen var skada, men den var skifta då biletet vart teke mandag.

Søndag føremiddag vart det oppdaga at ein lyktestolpe og koplingsboks i Syne i Korsnes byggjefelt hadde vorte skada ved påkøyring. Dette medførte at fleire straumkundar vart straumlause. Skaden har truleg skjedd i løpet av natt til sundag, og politiet er interessert i å koma i kontakt med alle som kan vita noko om hendinga.

-Dei første meldingane kom søndag ved 11-tida, men vi veit ikkje kva som har skjedd og er på jakt etter tips frå folk som har høyrte eller sett noko, seier Torgeir Fosse ved Kvinnherad lensmannskontor til Kvinnheringen om saka.

Han seier også at det må vera ein bil med skadar den ikkje har hatt før, som kanskje nokon har sett. Dei vert då oppfordra til å melde frå til lensmannskontoret.

– Om det er nokon som har svart samvit og har gjort dette kan dei og melde frå til politiet, seier også Fosse til Kvinnheringen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland